

Kyrhovden velforening  
v/leiar Bjørn Harald Bendiksen  
Kyrhovden 21  
5936 Manger

**Alver kommune**  
**Plan v/arealforvaltning**  
**Postboks 4**  
**5906 FREKHAUG**

Merknad til planforslag - Offentleg ettersyn og høyring  
detaljreguleringsplan for Manger barneskule. PlanID  
12602019000300, tilsendt 10.09.21.

**VI GRATULERER ALVER KOMMUNE MED FLOTT ALVERSUND SKULE!**



Nye Alversund skule



Kyrhovden velforening  
v/leiar Bjørn Harald Bendiksen  
Kyrhovden 21  
5936 Manger

Viser til tilsendt plandokument frå Alver kommune, og invitasjon til merknad rundt planframlegget.

Merknadene er utarbeidd av Kyrhovden velforening, signeringsliste ligg som vedlegg.

### Det er tatt utgangspunkt i

- Planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2031 (bærekraftig areal og samfunnsutvikling)
- Plan og bygningslova §4-2, samt konsekvensutgreiingsforskrifta
- Alver kommune sin visjon om innbyggjarane sin medverknad

## Historikk, risikovurdering og konsekvensanalyse

### Møte med Radøy kommune og Norconsult 15.08.19

Referat etter møtet ligg som vedlegg i tilsendte plandokument. Referatet speglar deltakarane sine meiningar og synspunkt. I referatet er det også presisert at møtedeltakarane meinte den beste og mest framtidretta løysinga er å byggja heilt ny skule. Dette er det dessverre ikkje tatt omsyn til i det vidare planarbeid når vi no ser planframlegget som ligg føre.

### Kyrhovden bustadfelt og Kyrhovden velforening.

Kyrhovden bustadfelt vart godkjent av Radøy kommune i 1984. Godkjenninga kom etter at kommunestyret hadde forkasta teknisk etat sitt framlegg til reguleringsplan med bakgrunn i ynskje om fortetting i planområdet. Opprinneleg var det framlegg om større og færre tomter. Som kompensasjonen for mindre og fleire bustadtomtar, fekk bustadfeltet tildelt to fellesareal for gjesteparkering. Gjesteparkeringane har også tidlegare fungert som snuplass i feltet, då vegen i feltet er trang og smal. Mur og gjerde skilde skuletomten og bustadfeltet i mange år.

I planframlegget legg ein opp til påbygg og utviding av utearealet for skulen svært tett opp til bustad og eigedomar. Dette kjennest som eit stort inngrep, då bustadfeltet frå før er trangt og lite.

Kyrhovden velforening vart etablert i 1987, og har som formål å ivareta oppsitjarane sine interesser.

### Trafikk-situasjon i Kyrhovden.

Trafikken gjennom byggefeltet ha auka kraftig med åra. Mur og gjerde vart etterkvart fjerna av kommunen, og tilsette ved skulen, samt foreldra tok i bruk tilkomst til Kyrhovden og Kyrhovden sine gjesteparkeringsplassar for fleire år sidan.

- a) Mange born er busette på Selfallet, Urhaug og Langøyane. Det er planlagt 120 nye bustadeining i desse områda, arbeidet er i gang. Borna brukar byggefeltet som sin skuletilkomst (naturleg nok), og dette avlar mykje trafikk. Kyrhovden velforening har sidan 1988 søkt Radøy kommune om fartsdumpar som trafikksikringstiltak. Søknaden er teke opp

att med jamne mellomrom fram til ca 2015. Velforeninga har opplevd både å få avslag og at søknad er ignorert. Fartsdumpar manglar framleis.

- b) Utfordring vinterstid. Bakken inn i feltet er skuggelagt, frys først og tiner seinast på Manger. Konsekvensen er at bilane tek ekstra fart for å koma opp bakken. Det er observert altfor mange farlege situasjonar rundt dette opp gjennom åra.
- c) Fortau manglar, alle må bruka vegen. Gange, sykling, sparkesykkel.
- d) Parkeringa er heil ute av kontroll. Det står bilar parkert på alle tenkelege og utenkelege stader. Dette skapar uoversiktlege situasjonar, særleg i mørketida, ved skulestart og skuleslutt, og tilstellingar elles på skulen. Velforeninga er svært bekymra for slike risikoar, potensialet for ulukker er svært stort.
- e) Store kjøretøy, som renovasjonskjøretøy og lastebilar med vareleveranse, må rygga frå Toskavegen for å koma inn og fram i bustadfeltet. Umogleg å snu etter at kommunen har teke våre gjesteparkeringsplassar i bruk. Ein har også sett fleire trafikkfarlege situasjonar i samband med rygging av store kjøretøy.
- f) Utrykningskjøretøy (brann og helse). Sjå punkt e). Dobbelparkering vil kunna blokkera for tilkomst.
- g) Risikovurdering av ballbinge i nordaust. Denne vil gje støyplager for næraste naboar. Dette er dagens 3. tilkomst til skulen, og tilkomsten har dei same utfordringane som er nevnt i punkta over. Ballbinge vil auka trafikkmengden.

#### Trafikk-situasjon ved hovud-tilkomst.

Trafikk-bildet frå sør, viser tilsvarende problemstillingar. Dette er hovudinngangen til skulen, den er trong, uoversiktleg og tydeleg prega av at skulen er bygd i annan tid. Tilkomst frå sør gjev lite og ikkje rom for utviding til akseptabel standard i høve til dagens og framtidens krav. Vi har ikkje eit barn å mista.

Dobbelparkering og bruk av tilstøytande privat eigedom til parkering og levering/henting av born er eit problem, og kan ikkje akseptast.

#### Manger – utvikling, framtid, visjon.

Framlegg til reguleringsplan viser utviding av ein 60 år gammal skule, der den eldre bygningsmassen ikke vil bli endra, jamfør denne planen. Manger skule si plassering i dag er ikkje egna for utviding utan at gammal bygningmasse vert sanert og bygd opp att. Dette har Lindås kommune for fleire år sidan innsett når det gjaldt Alversund sin framtidige skulesituasjon. Påbygg/ombygging av eksisterande skule vart avvist og forkasta, noko som er framtidsretta. Her må vi berre gratulera Alver kommune med eit flott prosjekt. Alversund skule er bygd for å oppfylle kvantitative og kvalitative behov framover, med utgangspunkt i dagens krav – pedagogiske, bygningsmessige, areal, trafikale, innemiljø og krav til arbeidsmiljøet generelt.

I Norconsult si forstudie av Manger skule er det i punkt 2.1.1 gjort greie for kapasitet.

Sitat:

»Den samla kapasiteten til skulen basert på full utnytting av kapasitet i alle klasseromma, vert med dette i dag om lag 210 elevar.

Kapasitet i midlertidig paviljong er ikkje rekna med her.»

Kyrhovden velforening  
v/leiar Bjørn Harald Bendiksen  
Kyrhovden 21  
5936 Manger

I forslag til Regulering for Manger skule, datert 10.04.21, hentar vi følgjande sitat:  
«Det vert lagt opp til at Manger skule skal utvidast til å kunna romma ca 200 elevar.»

Faktiske tilhøve i dag:

Manger skule har 200 elevar i eksisterande bygningar, inklusive midlertidig paviljong.  
Med det nye tilbygget blir det plass til 210 elevar, utan paviljong.

Vår vurdering:

**Tala i rapportane framstår misvisande. Dersom paviljong vert erstatta av tilbygg, så vil det likevel ikkje vera plass til fleire elevar enn det er i dag.**

**Dette er tal som speglar dagens behov, medan prognose dei neste 10 åra viser ei auke i elevtalet.**

Det er underleg at ein planlegg ein skule med så store inngrep for nærområdet, når ein ikkje legg opp til eit større auke i elevtal. Prognosen, jft s 12 i «Studie av alternativ», viser 219 elevar i 2033/34.

Alversund skule har i denne hausten 330 elevar, den er bygd for 450. Dette er framtidsretta.

Avslutning:

Kyrhovden velforening er delvis kjent med tilstand på/i skulebygget. Men dette er ikkje noko vi ønskjer å gå inn på her. Ein tilstandsrapport vil kunna tala for seg.

Vi har ikkje føresetnader for å vurdere kalkylar og kostnader knytta til bygging av ny skule, men vi ser ikkje bort frå at oppgraderingar og påbygging vil kunna koma opp imot same storleik som kostnader ved ny skule.

**No må Manger skule byggjast for framtida, og den einaste og beste løysinga er ny Manger skule bygd på egna areal.**

Manger, oktober 2021



Bjørn Harald Bendiksen  
Leiar i Kyrhovden velforening

Vedlegg:


1. Signaturliste for oppsitjarar i Kyrhovden bustadfelt – totalt 4 lister
2. Bilete som syner noko av trafikksituasjonane i Kyrhovden bustadfelt

Kyrhovden velforening  
v/leiar Bjørn Harald Bendiksen  
Kyrhovden 21  
5936 Manger

Kopi av brev sendt til:

Manger skule  
FAU ved Manger skule  
Manger folkehøgskule  
Statens vegvesen  
Vestland fylkeskommune - fylkesvegar

Vedlegg 2 Trafikksituasjon – vedlegg til Merknad til planforslag for Manger barneskule (Plan ID 12602019000300)



Bileta syner den daglege situasjonen i Kyrhovden rundt gjesteparkering 1 og 2. Sykkelbilete er fra gjesteparkering 2 (ved snuplass).

Signeringsliste – Merkander til planforslag for Manger skule – oktober 2021

Bjerg D. Jørgensen

Robert Jørgensen

Astrid Mangerones

Anne-Kari Sylta

Solveig Solen

Alv Taulu Helle

Geir Øve Helle

Britt H. Christianslund

Karsten Mangerones

Egil Lier

Haldis - Sæthevold

Jasminka Nilsen

Signeringsliste – Merkander til planforslag for Manger skule – oktober 2021

Olav Bæving

Jannicke L. Bæving

Magne Sytard

Rolf Gudmundsen

Silly Gudmundsen

Cecilie Gudmundsen

Siv Fredriksen Sylta

Signeringsliste – Merkander til planforslag for Manger skule – oktober 2021

Bjørn-Harald, Bendiksen

Per Olav Høyland

Tommy

Ragnhild E. Bakke

Ashild H. Vikenes

Syrene H. Vævel

Tone Klattgørd

Signeringsliste – Merkander til planforslag for Manger skule – oktober 2021

Geir C Skulle

Øyvind Skulle

Tor Skulle

Svein Myksoell

Inger Agnethe Myksoell

Koen Smecting ~~Skulle~~

Linda Frostad

Stim Brin

Gyda Matland

Helene Fjermestad

Christopher Evensen

Randi Gundersen

Rebecca M. Stagen

Åshild Skulle

Rut A. Longevold

Vegard Aagaard-Nilsen

Underskrift til merknad til  
planforslag Manger barreskule

: 15/10-21 Heidi Nesbø ditangen